



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 29.06.2026

Vår ref.: 202613490-4 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Rimbareid kraftverk i Fitjar kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad frå Fitjar kraftlag SA om løyve etter vassressurslova til å senke vasstanden i Olstjørn ned til kote 276,02 (2,5 m under LRV). Søknaden blir no send på avgrensa høyring med høyringsfrist 27.07.2026.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått søknad frå Fitjar kraftlag SA, datert 12.06.2026 og oppdatert 24.06.2026, om løyve etter vassressurslova til å senke vasstanden i Olstjørn 2,5m under LRV ned til kote 276,02. Tiltaket gjerast for å reparere inntaksrista til Rimbareid kraftverk, og skal gjennomførast på om lag 1 uke innanfor perioden 03.08.2026 til 03.10.2026. Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8.

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9942/v.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det er behov for kunngjering og brei offentlig høyring. Søknaden om mellombels løyve blir derfor sendt på avgrensa høyring til Fitjar kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestlandet. Informasjon om saksbehandlinga finn du på NVE si nettside: www.nve.no/saksgang-vannressursloven

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer å få inn synspunkt på planane som er presenterte i søknaden. NVE ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngitte forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn ei fråsegn.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9942/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn og saksnummer 202613490» i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn og saksnummer 202613490» i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **27.07.2026**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Vi ber Fitjar kommune om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

Med helsing

Hans Kristian Bugge Tørset

Avdelingsingeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

FITJAR KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

FITJAR KRAFTLAG SA
FITJAR KRAFTLAG SA - THERESE NYSÆTHER